



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for oppvekst
Stad:	Herøy rådhus, Møterom I
Dato:	02.09.2013
Tid:	15:00 – 16:45

Medlemer som møtte:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Linn-Therese Hansen Sævik	Leder	KRF
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Bjarne Kvalsvik	NESTL	FOLK/SP
-----------------	-------	---------

Varamedlemer som møtte:

Mona Grethe Ryssevick	Bjarne Kvalsvik	KRF
-----------------------	-----------------	-----

Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes
Konsulent skuleavdelinga Eivind Longva
Konsulent skuleavdelinga Paul Sundnes

Tilsaman møtte 6 fast og 1 vara, fulltalig.

Ingen hadde merknader til at KO-sak 18/13 vart flytta til starten av møtet.

Komite for Oppvekst vil gjennomføre synfaring til grunnskulane i Herøy og ønskjer å møte elevråd, leiar FAU og rektor for den enkelte skule samt ein representant frå eigedom/drift. Komiteen startar synfaringa i september.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:
Solveig Båtsvik og Per Kristian Furø

Per Kristian Furø

Linn-Therese H. Sævik

Solveig Båtsvik

underskrifter

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 14/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/13	Protokoll frå førre møte
PS 16/13	Referatsaker
PS 17/13	Endring av vedtekter for SFO
PS 18/13	Val av skule, retningslinjer

Referatsaker

RS 3/13	Varsel om oppstart planarbeid.
RS 4/13	Reguleringsplan for Huldal aust - 2.gongs høyring av planprogram
RS 5/13	Varsel om oppstart av planarbeid
RS 6/13	Varsel om oppstart av planarbeid
RS 7/13	Varsel om oppstart planarbeid.

Drøfting: Planlegging av synfaring til grunnskulane i Herøy

PS 14/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 15/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 16/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 17/13 ENDRING AV VEDTEKTER FOR SFO

Møtebehandling:

Konsulent i skuleavdelinga Paul Sundnes orienterte.

Ap, Per Kristian Furø kom med framlegg om slik endring i punkt d og nytt punkt 4:

d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 30. september for periode 2, 31. januar for periode 3.

4. Komite for Oppvekst ønskjer at skuleavdelinga utgreier halvårige perioder.

Per Kristian Furø sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Komite for oppvekst - 02.09.2013

Kommunestyret vedtak følgjande endringar i vedtektene for SFO:

1.Endring av §6, nytt punkt b.

SFO-året er delt i 3 periodar:

- 1) august –november, 3,5 månader
- 2) desember –februar, 3 månader
- 3) mars-juni, 3,5 månader

2. Endring av § 10 b, c og d

b. Ved innmelding bind ein seg til ein periode på minimum 3 / 3,5 månader.

Periode 1: frå skulestart til 31.nov

Periode 2: frå 1. desember til 31. mars

Periode 3: frå 1. april til slutten av skuleåret

c. Oppseiing/reduksjon av opphaldstid må skje seinast to månader før utgangen av perioden

d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 30. september for periode 2, 31. januar for periode 3.

3. Endringane skal gjelde frå og med periode 2 skuleåret 2013/14

4. Komite for Oppvekst ønskjer at skuleavdelinga utgreier halvårige perioder.

PS 18/13 VAL AV SKULE, RETNINGSLINJER

Møtebehandling:

Konsulent i skuleavdelinga Eivind Longva orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 02.09.2013

Kommunestyret gjer vedtak om følgjande retningslinjer for handsaming av saker relatert til kringsgrenser og val av skule:

1. Kommunen sine vedtekne kringsgrenser er eit overordna prinsipp
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå hhv skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.
4. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak etter opplæringslova §8.1, med klagerett til fylkesmannen etter forvaltningslova.

MØTET SLUTT!